

# EUROPEISKMOBILITETSVEKE

16-22 SEPTEMBER



Eid kommune

## MOBILITETSVEKE I EID 16.-22. september 2016

### Kva kan vi gjøre for å bruke bilen mindre i kvardagen?

16.-22. september set Eid kommune fokus på transport og miljø i kommunen i samband med EUROPEISKMOBILITETSVEKE 2016; ei årleg europeisk kampanjeveke for miljøvennleg transport.

Hovudmålsettinga er mindre bilbruk!

## PROGRAM Mobilitets- veke i Eid

I år fokuserer kampanjen på at det løner seg å reise miljøvennleg, både for samfunnet og deg sjølv; det er **smart for miljøet, smart for kroppen, hovudet og trafikktryggleiken!** Gjennom kampanjen ønskjer vi å motivere folk til å sykle, gå for å kome seg dit dei skal. Når fleire beveger seg til fots og på sykkel, vert folkehelsa betre, trafikkavviklinga vert betre, nærområdet vi ferda i vert hyggelegare og miljøgevinsten aukar!

I tillegg til målsetting om auka bevisstheit rundt val av transport, skal deltaking i EUROPEISKMOBILITETSVEKE løfte fram og vere ein pådrivar for å utvikle permanente tiltak som skal fremje miljøvennleg transport i kommunen – tiltak som skal gjøre det enklare og betre for oss som bur i Eid kommune å ta gode transportval – både ut frå miljøhensyn, trafikktryggleik og positive helsegevinstar.

#### Under årets mobilitetskampanje vert følgjande tiltak sett fokus på:

- Eid kommune inngår medlemskap i Sykkelpnettverket
- Satsing på Sykkelparkering i Eid
- Trafikktryggleik i Skulevegen - ombygging av krysset Skulevegen/Fossevegen
- Saman-på-sykkel! El-syklar til Eid sjukeheim og Eid eldretun
- Straktiltak for trafikktryggleik på Haugen og Stårheim

#### Program for aktivitetar:

- Mandag 19. september: opning av "saman-på-sykkel" på Eid sjukeheim/Eid eldretun.
- 19.-22. september: gå/sykle-til-jobb-aksjon, tilsette i Eid kommune. - Startskot dytt.no Nordfj.skule.
- 19.-22. september: gå/sykle-til-skulen-aksjon, skulane i Eid.
- Torsdag 22. september: Verdas Bilfri dag - Bilfri "gågate" i Skulevegen.

Oppmodar elles alle innbyggjarar om å parkere bilen; bruk sykkelen eller ta føtene fatt desse dagane!

Vi premierar dei kulaste sykkel-/gå-bileta som vert lagde ut på instagram med #mobilitetsvekeeid

Meir info om Mobilitetsveke i Eid finn du på [www.eid.kommune.no](http://www.eid.kommune.no)